

Topptur til høgste fjelltoppen i Ål

Er du klar for å forsere vel 700 høgdemeter frå 1100 til 1819 moh, dels utanfor opptråkka stigar, - ja, då er Raudbergnuten eit høveleg mål.

Turen er svært variert og rik på synsinntrykk. Turen er nokså krevjande og du treng godt fottøy.

Turen startar i Toviken, og då kan ein velje stigen på vestsida av Mjølga og Mjølgevatnet som ein rundar til oppstiging på nordaust sida. Eller velje den noko kortare traktorvegen på austsida av Mjølga. Så følgjer ein elva opp Mjølgedalen.

Det kan vere greitt å velje den eine sida oppover og den andre heimover, for å få mest mogeleg variasjon.

Det går umerka stigar i terrenget heilt til Mjølgetjørne, men den siste biten opp på Raudbergskarvet og på nuten er stort sett stiglaust, men likevel ikkje vanskelig å forsere.


Eit råd kan vere å gå opp noko tidlegare på skarvet rett vest for Pigghovda og Storefjellsbergi. Då kjem ein greitt opp og får berre moderat stigning siste timen opp mot toppen.


Turen opp til 1500 moh går gjennom frodige og sauerike beiteområde. Høgare opp dominerer stein og snø, innimellom vakre bukettar med isssoleie og majestetiske fjellmassiv i bakgrunnen.


På toppen av Raudbergnuten (1819) er utsikta sjølv sagt framifrå i klart ver, - ikkje minst nordover der mange av dei høgste toppane i Jotunheimen står som silhuettar i synsrande.




Foto: Dagfinn Ystad

 Fylkesveg 244 (Nordbygdvegen, gjennom Vats og Bergsjøområdet fram til Toviken. Betalingsbom.

 På parkeringsplass i Toviken.

 Umerka stigar, bruk kart.

 Mektig fjellområde og utsikt. Er ein heldig kan det dukke opp småflokkar med rein på turen.

 Ca 7 timar

For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000

